



NVE

HYDRO ENERGI AS

0240 OSLO

Vår dato: 07.08.2026

Vår ref.: 202610448-7 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE gir løyve til mellombels senking av vasstanden for Kvanndalsfoss magasin i Suldal kommune, Rogaland fylke

Vi viser til søknad av 28.4.2026 om løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet som er gitt 3.5.1974, for å senke vasstanden under LRV. Først i brevet finn du NVE sitt vedtak med tilhøyrande vilkår. Deretter kan du lese om tiltaket og NVE si grunngiving for vedtaket.

NVE sitt vedtak

NVE gir løyve til at Hydro Energi AS kan fråvike manøvreringsreglementet for å tappe Kvanndalsfoss magasin ned til kote 619, éin meter under LRV, i inntil to veke i perioden 24.8.2026-31.10.2026.

Løyvet er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

NVE stiller følgjande vilkår

- Alle vasstands-/vassføringsendringar skal skje gradvis slik at stranding av fisk og andre vasslevande organismar blir minimerte eller unngått så langt det er mogleg.
- Det skal førast protokoll over vasstanden i magasinet i det tidsrommet vasstanden er under LRV. Protokoll skal gjerast tilgjengeleg for NVE ved førespurnad.
- Perioden med vasstand under LRV må gjerast så kort som mogleg. Oppfylling til normal vasstand skal skje så raskt som mogleg etter at arbeida er avslutta.
- Hydro Energi AS skal melde frå til NVE på nve@nve.no når tiltaket er gjennomført. Oppgi saksnummer 202610448 i emnefeltet.
- Instrumentering for registrering av vasstand inntil 0,5 m under LRV skal etablerast samtidig med at magasinet likevel er nedtappa, dersom slikt utstyr ikkje allereie er etablert. Det følgjar av punkt 4.4 i NVE sine retningslinjer av 12.02.2024 for registrering av vasstand i reguleringsmagasin.
- Ramma partar skal kontaktast direkte for å bli informerte om tiltaket. Informasjon om tiltaket skal i tillegg publiserast på relevante nettsider, som nettsida til selskapet og sosiale medium. Vi ber om at Hydro Energi AS kontaktar kommunen for å leggje ut informasjon om tiltaket på nettsidene til kommunen.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

- NVE føreset at Hydro Energi AS har ordna dei privatrettslege forholda som eventuelt måtte bli skadelidande av tiltaket.

Høve til å klage

Vedtaket kan klagast på. Sjå opplysningar om rett til å klage på siste side.

Om søknaden

Kvanndalsfoss magasin ligg i Suldal kommune og er reguleringsmagasin for Suldal II kraftverk i Røldal-Suldal-vassdraga. Magasinet vart sett i drift i 1967, og dagens manøvrering skjer etter manøvreringsreglementet fastsett ved kgl. res. av 3.5.1974.

Hausten 2025 installerte Hydro Energi AS ei ny luke ved dammen på Kvanndalsfoss magasin. For å gjennomføre installasjonen vart det etablert ein fangdam oppstrøms dammen og magasinet senka under LRV til kote 619. NVE har i 2024 (NVE ref. 202410306-4) og 2025 (NVE ref. 202410306-7) gitt løyve til omtrent same fråvik som no er søkt om. Søknaden frå 2025 og NVEs vedtak i saken er tilgjengelege på NVE si nettside: www.nve.no/9740/V.

NVE har no motteke ein ny søknad frå Hydro Energi AS om løyve til å igjen tappe Kvanndalsfoss magasin under LRV, til kote 619. Undersøkingar har avdekt at den nye rulleluka ikkje let seg løfte til øvste stilling. Tiltaket er derfor grunngjeven med behov for å senke vasstanden for å gjere naudsynte modifikasjonar av luke- og opptrekkskonstruksjonen. Hydro Energi AS skriv i søknaden at tiltaket vil bli gjennomført innanfor dei rammene som tidlegare er godkjende, og med same metodikk som ved førre gjennomføring.

Inneverande søknad med tilhøyrande saksdokument er tilgjengelege på NVE si nettside: www.nve.no/9923/V.

Høyring

På grunn av det avgrensa omfanget i saka har ho ikkje vore kunngjort lokalt. NVE har vore i kontakt med lokale styresmakter for å få deira syn på saka, og meiner at ho er tilstrekkeleg belyst gjennom dette.

Statsforvaltaren i Rogaland uttalar i brev av 19.6.2026 at det finns aure i vassdraget og i Kvanndalsfoss magasin, og dei ber NVE stille krav om at alle vasstands-/vassføringssendringar skal skje gradvis for å unngå stranding av fisk så langt som mogleg.

Rogaland fylkeskommune uttalar i brev av 21.5.2026 at dei ikkje har merknader til fråviket, men ber om at det blir stilt vilkår om at senkinga av vasstanden må skje sakte for å skåne fiskebestanden i magasinet. Dei ber også om tilstrekkeleg informasjon om tiltaket for turgåarar, og om tiltak for å sikre tryggleiken til dei som ferdast i området.

Villreinnemnda for Setesdalsområdet uttalar i brev av 25.6.2026 at villreinen sannsynlegvis ikkje blir direkte påverka av tiltaket, ettersom området har sin viktigaste økologiske funksjon for villreinen i vintersesongen, medan tiltaket er planlagt på sommarstid.

Hydro Energi AS har ikkje kommentert fråsegna.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

NVE si vurdering

NVE kan gi løyve til å fråvike eit manøvreringsreglement etter vassressurslova § 8 når formålet er nødvendig reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Tiltaket fell etter vårt syn inn under dette formålet.

NVE har gjort søk i Naturbase og Artskart den 5.8.2026. Etter vår vurdering er det ikkje registrert nokon raudlista artar eller naturtypar i området som blir vesentleg påverka av tiltaket.

Hydro Energi AS skriv i søknaden at tiltaket skal gjennomførast innafor dei rammene som tidlegare er godkjende, og med same metodikk som ved førre gjennomføring. NVE merkar seg at dei lokale styresmaktene ikkje var imot tiltaket under behandlinga i 2024, føresett at det vart sett relevante vilkår for å avbøte moglege ulemper. Dei lokale styresmaktene stiller seg heller ikkje denne gongen mot tiltaket, på same grunnlag som sist. Ved å setje vilkår om at alle endringar i vasstanden skal skje gradvis, som i tidelgare vedtak frå 2024 og 2025, meiner NVE at moglege ulemper for fisk vil bli tilstrekkeleg avbøtte. Vi ser heller ikkje at tiltaket er til skade for nokon andre allmenne interesser. NVE vurderer det som nødvendig å gi løyve til ein ny periode med senking av vasstanden under LRV, slik at forsvarleg og driftstrygg funksjon blir sikra ved anlegget.

NVE meiner at vurderingane er i tråd med prinsippa i naturmangfoldlova som skal varetakast når vedtak treffest, jf. naturmangfoldloven §§ 8-12. NVE vil i samband med dette påpeike at tiltaket er mellombels og av avgrensa omfang. NVE legg vekt på at løyvet er nødvendig for å ferdigstille pågåande reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfoldloven §§ 4 og 5.

NVE sin konklusjon

NVE gir løyve til at Hydro Energi AS kan fråvike manøvreringsreglementet for å tappe Kvanndalsfoss magasin ned til kote 619, éin meter under LRV, i inntil to veke i perioden 24.8.2026-31.10.2026.

Med helsing

Oscar Østvold

fagleder

Hans Kristian Bugge Tørset

avdelingsingeniør

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

HYDRO ENERGI AS



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Kopimottakarliste:

ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTEREN I ROGALAND
HYDRO ENERGI AS - Johnny Bruheim
Suldal kommune
Villreinnemnda for Setesdalsområdet

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkar vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.
Du kan be om avgjerd om utsett iverksetjing av vedtaket	Du kan be om avgjerd om at vedtaket ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort. Klage på vedtak om samtykke til ekspropriasjon har utsetjande verknad, med mindre det er gjort vedtak om noko anna.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32, 36 og 42.